

Referat fra møte i FAU ved Ulsåk Skule

Møte nr.	2/19-20	Dato	19/11-2019
Referent	Randi B. Lien	Tid	16:45 – 18:45
Stad	Hos Christin		
Til stades	Camilla (1.kl), Christin (1.kl), Inger (2.kl), Irene (2.kl), Randi (3.kl), Gro Anita (3.kl), Monika (4.kl)		
Ikkje møtt	Jannicke (4.kl)		

SAK		Ansvar
4-19-20	<p>Informasjon frå rektor</p> <p>Ulsåk skule har gjennomført trivselsundersøking bland elevane. Det er god trivsel i alle klasser, men enkelte synes dei får for lite tid til matpause.</p> <p>Skulen får god hjelp av Veilederkorpset. Det blir jobba med overgangar – når elevane skal bevege seg mellom klasserom og garderobe/ut i friminutt. Det er sett fokus på gang/garderobar og toalett. Veilederkorpset har utarbeida ein rapport for skulen som ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.</p> <p>God orden og oppførsel gir god trivsel og godt læringsmiljø. Det er blitt mindre støy - rolig atmosfære fordi det er betre orden i garderobane.</p> <p>Det er også satt fokus på læringsmiljøet – ulike læringsmetoder blir prøvd ut – m.a læringspartner. Dette blir sett i samanheng med fagfornyinga som kjem.</p> <p>Det bli utført litt mindre reinhold på skulen framover grunna innsparing.</p> <p>FAU ber rektor sende ut meir informasjon til foreldra om situasjonen på skulen – gjerne ta inn info frå rektor på vekeplanen i alle klassar innimellom. Viktig også å nå ut til foreldre med positive ting som skjer i skulekvardagen.</p> <p>God informasjon fører til trygge foreldre.</p> <p>Info: Må du gje personalet på Ulsåk ein beskjed i skuletida, kan du sende melding/ringe SFO sin telefon: 971 50 499</p>	Heidi

5-19-20	<p>Referat frå sist møte 29.10.2019</p> <p>Ingen merknad. Godkjent</p>	
6-19-20	<p>Mottatt sak: Leikestativ</p> <p>Stram økonomi gir lite handlingsrom. Dersom byggestart for sentralskule blir utsatt, må det investerast i leikestativ/ opprusting av uteareal ved Ulsåk oppvekstsenter. Må avvente politisk vedtak.</p> <p>Alle klasser har egen leikekasse med ulike leiker. Elevar frå 4 klasse er Trivselsleiarar. 3 dagar i veka skal dei sørge for at dei aller fleste av elevane har ein aktivitet å vera med på når dei er ute i friminutta</p> <p>Medverknad frå elevane. Stille spørsmål til elevane om kva dei treng av leiker ute.</p> <p>FAU kan oppfordre til dugnad bland foreldre for å ruste opp uteareal ved skulen/oppvekstsenteret.</p>	Irene/Heidi
7-19-20	<p>Foreldrerådet/Klassekontakter/FAU</p> <p>Leiar av FAU informerte.</p> <p>Foreldreråd er lovpålagt og består av alle føresette. Det er foreldrerådet som skal velge FAU representantane. I mangel av vedtekter for Foreldreråd og FAU ved Ulsåk skule, er leiar av FAU i gang med å utarbeide vedtekter.</p> <p>FAU er foreldrenes arbeidssutval og er sett saman av 2 klassekontakter frå kvar klasse, 1. - 4. klasse. FAU skal jobbe med saker som gjeld alle elevar eller ei større gruppe av elevar – ikkje saker som gjeld enkeltelevar.</p> <p>Klassekontakter er bindeleddet mellom foreldre/skule. Klassekontaktene skal halde formøter/vere med å planlegge foreldremøter saman med lærar. Klassekontakter skal sørge for eit godt sosialt klima mellom foreldre/elevar og arrangere aktivitetar som fremmar dette for foreldre/elevar i klassen.</p>	Irene

	SU for Ulsåk oppvekstsenter. Er samarbeidsutvalet for både skule og barnehage. SU er skulen/barnehagen sitt øvste rådgjevande organ.	
8-19-20	Teieplikt Etter forvaltningslova §13 har alle klassekontakter som møter i FAU teieplikt. Skjema om teieplikt vart delt ut til alle under FAU møtet. Skjema skal signerast og leverast rektor.	Irene
9-19-20	Underskriftskampanjen Saka utsett til neste møte.	Irene
10-19-20	Økonomi Saka utsett til neste møte.	Irene
11-19-20	Bekymringsbrev frå FAU Ulsåk Det er sendt bekymringsbrev frå FAU Ulsåk, Tuv og HBU, og frå Utdanningsforbundet. Bekymring med tanke på budsjettarbeidet i kommunen for 2020 – store kutt innan oppvekstsektoren. Brev vart levert Hovudutval Livsløp, alle gruppeleiarar, rådmann og oppvekstsjef.	Irene
12-19-20	Møtedatoar. Det blir SU møte den 28.november der leder FAU møter. Neste møte i FAU Ulsåk blir etter nyttår. Endeleg møtedato er ikkje sett.	Alle
13-19-20	Eventuelt Ingen andre saker	Alle